

# Reglar for bruk av kommunevåpen

**Definisjon og vedtak.**

**Vedtak i Gol kommunestyre om det godkjende kommunevåpenet er gjort 26. juni 1985.**

**Ved kgl. resolusjon 13. september 1985 er våpenet fastsett slik:**

**"På gull grunn tre opprette svarte lyklar med skjegget ned, to over ein."**

**Som kommuneflagg:**

**"På gul grunn tre opprette svarte lyklar med skjegget ned, to over ein."**

## **1. Mønsterteikningar er dagsett og signert "Stein Davidsen juni 1985/10. juni 1985"**

Innafor ramma av den våpendefinisjonen som er fastsett i resolusjonen, vil ein kunne variere utforminga etter bruken i kvart einskild høve, men alltid slik at våpeninnhaldet er det same.

Våpenet kan utformast i ulike teikningar og materiale slik som plastisk, i flatestil, måla, teikna, vove, brodert eller gravert. All utføring må følgje dei tekniske og heraldiske kvalitetsnormar med riktige farger, former og proporsjonar.

## **2. Eigedomsrett og bruksrett**

Kommunen eig våpenet i alle former, har bruksretten og har rettsleg vernmot uheimla bruk. Hovudregelen er at våpenet berre skal bli brukt av kommunen, av kommunen sin administrasjon og institusjonar.

I visse høve kan det gjerast unntak frå denne regelen - sjå punkta 2.2 og 6.

Formannskapet fører tilsyn med bruk av våpenet og ser til at reglane for bruken blir halde.

Formannskapet gjev løyve til bruk, og kan gje dispensasjonar frå desse reglane.

## **3. Bruk av våpenskjoldet**

Våpenet bør mest mogleg bli brukt i farger. Når produksjon gjer det vanskeleg å bruke farger, kan ein bruke svarte lyklar på kvit botn.

Kommuneadministrasjonen og kommunale institusjonar skal bruke våpenskjoldet på brevpapir, i kunngjerinagar, og der det ellers er naturleg, på andre trykksaker.

Ved slike bruk skal våpenskjoldet generelt stå øvst eller framfor namn eller overskrift og så fritt som mogleg i høve annan tekst. Våpenskjoldet kan og plasserast på annan måte.

Våpenskjoldet kan brukast som dekorasjon eller vignett på offentlege dokument, vitnemål frå skular o.l..

Våpenskjoldet kan brukast som eigarmerke på kommunale bygningar, bilar og andre gjenstandar og på grense- eller vegskilt.

Spørsmål om plassering, storleik, utforming og materiale blir avgjort av formannskapet og evt. i samarbeid med arkitekt.

Våpenskjoldet i farger kan brukast på representasjonsgåver og andre gåver, ordførarkjede, påskjønningar o.l.. Er utføring i farger vanskeleg, kan det fråvikast.

Våpenskjoldet kan brukast på tenesteklede og jakkemerke.

Våpenet skal ikkje brukast i varemerke, ikkje til marknadsføring av varer, tenester eller bedrifter eller annan kommersiell reklame for private.

Våpenet kan likevel i særskilde høve bli brukt på eller som minneting, souvernir eller gøvartiklar. Formannskapet skal da godkjenne kvalitet, plassering og bruk.

## **4. Bruk av våpenet i flagg, banner, vimpel**

Flagget kan heisast ved kommunale bygg, der kommunestyret er samla, ved kommunale tilskipingar, ved kommunal representasjon o.l. og elles når ordføraren bestemmer det.

Når det norske flagget og kommuneflagget blir brukt saman, skal det norske falgget ha flaggstanga til høgre sett ut frå inngangen til ein bygning. Er det berre ei flaggstong, skal det norske flagget brukast.

Andre enn kommunen kan ikkje bruke kommuneflagget innan kommunene. Lag, organisasjonar eller andre kan etter løyve frå ordføraren bruke kommuneflagget ved tilskipingar utanbygds.

Banneret er ein gul vertikalstrekt duk med svarte lyklar øvst.  
Lengda kan variere etter bruken.

Banneret kan brukast ved tilskipingar t.d. på flaggstenger langs veg, ved utstilling eller på idretsplassar. Det kan hengjast loddrett på vegg. Våpenet kan også brukast som bordflagg, vimpel eller fane.

## **Bruk av våpenet i segl og stempel**

Seglet (stemplet) inneholder lyklane og ei omskrift - t.d.  
-Ordføraren i Gol-, og lyklane er uten skjoldinnfatning.

Som normale storleikar blir fastsett 50 mm (stort stempel),  
40 mm (mellomstort, til dagleg bruk) og 35 mm (lite stempel) og  
33 mm (lite lakksegl).

Vedkomande administrasjonsstempel (segl) kan bli brukt som eigarmerke der dette måtte passe, t.d. i bokverk, på  
servise o.l..

I dokument skal seglet brukast til avslutning, ved underskrift.

Seglet skal i størst mogleg omfang brukast som stempel på blankettar o.l.. Ved einskilde høgtidelege dokument kan  
det brukast oblatsegl. Seglet kan brukast som papirsegl.

**Løyve til bruk**

Bruk som ikkje er nemnd direkte i desse reglane og søknader om løyve til bruk skal rettast til formannskapet v/  
ordføraren.

Vedlegg til reglar for kommunevåpenet:

1.  
Ved trykk bør våpenskjoldet bli trykt i farge PMS (Plantone Matching System) 116 i folietrykk gull (Kurz pregefolie  
ALUFIN 420)

Brevpapir med våpenet svart/kvitt (ei farge) bør det bli brukt PMS 553

Reglane er godkjend av Gol kommunestyre 24.04.1986, sak 76/86.